

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)      Dykkar ref.:  
200202684-57/540/Birthe Haugen

Bergen, 08. desember 2006

## Høyring - forslag til endringar i friskolelova

Hordaland fylkeskommune handsama høyring - forslag til endringar i friskolelova datert 10.10.06 i fylkesutvalet 06.12.06.

Fylkesutvalet fatta slikt vedtak:

” Hordaland fylkeskommune vil peike på dei problema fylkeskommunen ville stått overfor vedkomande dimensjonering hadde ikkje det private skoletilbodet vore i fylket.

Hordaland fylkeskommune meiner at ei ny privatskolelov til erstatning for friskolelova, vil bli eit stort tilbakesteg for mangfaldet i den norske skolen. Hordaland fylkeskommune rår til at friskolelova ikkje blir endra eller erstatta.

Hordaland fylkeskommune finn det urimeleg at fylkeskommunen får trekk i rammetilskotet, dersom private skolar gir opplæring til elevar utan rett.

Tilskot til offentlege og private skolar bør sidestillast.”

*Inger Øvsthus Tønder*  
Inger Øvsthus Tønder

*B. Haugen*  
Birthe Haugen

Vedlegg: Fylkesutvalsak 331/06 høyring- forslag til endringar i friskolelova.

Arkivsak 200202684-51

Arkivnr. 540

Saksh. Haugen, Birthe

| Saksgang                    | Møtedato   |
|-----------------------------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet | 29.11.2006 |
| Fylkesutvalet               | 06.12.2006 |

## **HØYRING-FORSLAG TIL ENDRINGER I FRISKOLELOVA**

### **SAMANDRAG**

Regjeringa sitt standpunkt til friskolar vart tydeleg presentert i den politiske plattforma for flertalsregjeringa – Soria Moria-erklæringa. I erklæringa fremgår det at: "*Regjeringen vil [...] gjennomgå regelverk og støtteordninger for private skoler for å stramme inn utbredelsen av private skoler som ikke utgjør et religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlige skolen*". Kunnskapsdepartementet sender difor på høyring forslag til endringar i friskolelova (trinn 2). Forsлага til endringar i friskolelova vert lagt frem for Stortinget våren 2007.

Forsлага omfattar endringar på følgjande område:

- Lovtittel
- Verkeområde for lova
- Godkjenning med rett til tilskot
- Vidaregåande skolar som gjev yrkesretta opplæring som ikkje blir gjeve ved offentlege vidaregåande skolar
- Krav til skolane si drift
- Krav til innhald og vurdering
- Inntak av vaksne
- Organisering av elevar i grupper
- Offentleg tilskot og skolepengar
- Krav til rekneskapsføring, rapportering mm.
- Tilsyn og sanksjonar
- Andre forslag til endringar

Regjeringa meinte at godkjenningsordningane etter friskolelova ikkje kunne oppretthaldast i påvente av dei mange endringane i lova. Friskolelova vart difor endra frå 9. juni 2006 (trinn 1). Lovendringa inneber m.a. at høve til å godkjenne nye skolar vart mellombels oppheva.

Privatskolelova vart erstatta av Friskolelova med verknad frå 1. oktober 2003. Friskolelova skil seg frå den oppheva privatskolelova på fleire hald. Ei viktig prinsipiell endring var at kravet om eit bestemt formål, til dømes religiøst/etisk eller fagleg-pedagogisk alternativ, vart fjerna. Dei skolane som tilfredsstilte minstekrava i lova hadde også ein rett til godkjenning og statstilskot. Retten til godkjenning hadde ein føresetnad om at godkjenninga ikkje førte til vesentlege negative konsekvensar for vertskommunen eller vertsfylket.

Etter at friskolelova vart sett i verk vart det godkjent ei rekke skolar som ikkje ville ha oppfylt dei tidlegare krava til formål i privatskolelova. Friskolelova sitt rettighetspreg førte også til at omfanget av tilbodet er avhengig av tal søknader som tilfredsstiller minstekrava for godkjenning, noko som medverka til å vanskeleggjere offentleg planlegging av skoletilbodet.

Ein viktig pilar i det norske samfunnet har vore at alle, går på den same skolen, lærer å arbeide saman og respektere kvarandre. Skolen er den viktigaste arenaen for å byggje fellesskap i Noreg, og bidreg til å redusere ulikskap og ruste elevane til møtet med eit mangfaldig samfunn. Fellesskolen har rom for alle og blikk for den einskilde, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, evner og verdigrunnlag. Samfunnet sitt ansvar er å sjå til at alle får likeverdige mogelegheiter, slik at retten til utdanning vert reell. Utdanning skal difor vere eit offentleg ansvar, under demokratisk kontroll og tilgjengelig for alle. Skolar i privat eige har, i motsetnad til i mange andre land, utgjort ein svært avgrensa del av det samla skoletilbodet.

## **FORSLAG TIL INNSTILLING**

Fylkesutvalet støtter departementet sitt forslag til privatskolelov som erstattar friskolelova.

Følgjande punkt vert understreka.

### **1. Skolar som er etablert og vert drive på eit internasjonalt grunnlag (IB-skolar):**

For å gjøre rekrutteringa av naudsynt utanlandsk arbeidskraft enklare for m.a. norsk næringsliv og universitet og høgskolar, foreslår departementet at privatskolelova skal opne for tilskot til internasjonale grunnskolar og vidaregåande skolar i Noreg. Fylkesutvalet er positiv til dette forslaget så framt det ikkje går på ”bekostning” av det offentlege tilbodet som er på dette området, og skolane fyller dei andre krava som privatskolelova stiller. Fylkesutvalet meiner at dei fylkeskommunane som driv IB skolar må då kunne få statstilskott til dette på lik linje med privatskolane.

### **2. Skolar som legg særskilt til rette for vidaregående opplæring i kombinasjon med toppidrett:**

Departementet foreslår at privatskolelova skal opne for godkjenning av skolar som ønskjer å tilby utdanningsprogram som legg særskilt til rette for toppidrett på vidaregåande skole sitt nivå. Fylkesutvalet støttar forslaget, men meiner det er avgjerande at det ved tilsegn om nye private tilbod vert lagt vekt på at det ikkje skal konkurrere med eksisterande tilbod i fylket. Vidare er det ein føresetnad at slike private tilbod får tilskot etter normalsatsane for utdanningsprogrammet og ikkje etter høgare sats slik det er i dag. Alternativet er at dei fylkeskommunale tilboda også må få høgare tilskot.

### **3. Krav til innhald og vurdering**

Fylkesutvalet støttar dei skisserte forslaga, men vil spesielt presisere kor viktig det er med godkjenning av elevtal. For Hordaland, som har eit relativt stort elevtal på private skolar, er det svært viktig at elevtalet ved private skolar er nokolunde stabilt med omsyn til dimensjonering av skoletilbodet i fylket.

### **4. Inntak av vaksne**

Det er foreslått at frittståande vidaregåande skolar ikkje lenger skal ha høve til å ta inn vaksne utan rett til vidaregåande opplæring. Det vil også gjelde dei vidaregåande skolane som ved endringa av friskolelova i 2004 hadde vaksne elever utan rett til vidaregåande opplæring og difor framleis ha høve til å ta inn slike søkjurar med same tal som dei faktisk hadde skoleåret 2004/2005. Fylkesutvalet støttar forslaget. Det er ingen grunn til at private og offentlege skolar skal ha ulike vilkår til å gje vaksne utan rett til vidaregåande opplæring eit tilbod. Dessutan er det ikkje riktig at fylkeskommunane skal få trekk i sine rammetilskot fordi dei private skolane gjev opplæring til ei gruppe som ikkje har rett.

#### 5. Organisering av elevane i grupper

Fylkesutvalet er samd i at elevane i private skolar må organiserast i grupper. Private skolar må ha same regelverk som dei offentlege skolane med omsyn til kontaktlærar for elevane.

#### 6. Om bruk av skolen sine midlar

Fylkesutvalet meiner at ein lovheimel som gjev eit klårt og tydeleg forbod mot overføringer til eigar, som er enkel å kontrollere, vil vere ein føremon og sikre at dei offentlege tilskota kjem elevane til gode.

#### 7. Krav til rekneskapsføring, rapportering m.m.:

Fylkesutvalet støttar forslaget rapportering frå dei private skolane er nødvendig for å få eit totalbilete av ressursbruken i norsk skole. Det er svært viktig at dei private skolane har dei same rapporteringskrava med omsyn til ressursbruk og tenesteproduksjon som dei offentlege skolane.

Paul M Nilsen

Svein Erik Fjeld

Vedlegg: Høring- Forslag til endringar i friskoleloven  
Høringsnotat om forslag til endringar i friskoleloven  
Lovtekst

## **FYLKESRÅDMANNEN, 22.11.2006:**

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til større endringar i friskolelova (trinn 2). Forslaga til endringar i friskolelova vert lagt frem for Stortinget våren 2007.

Forslaga omfattar endringar på følgjande område:

- Lovtittel
- Verkeområde for lova
- Godkjenning med rett til tilskot
- Vidaregåande skolar som gjev yrkesretta opplæring som ikkje blir gjeve ved offentlege vidaregåande skolar
- Krav til skolane si drift
- Krav til innhald og vurdering
- Inntak av vaksne
- Organisering av elevar i grupper
- Offentleg tilskot og skolepengar
- Krav til rekneskapsføring, rapportering mm.
- Tilsyn og sanksjonar
- Andre forslag til endringar

Regjeringa meinte at godkjenningsordningane etter friskolelova ikkje kunne oppretthaldast i påvente av dei større endringane i lova. Friskolelova vart difor endra frå 9. juni 2006 (trinn 1). Lovedringa innebar m.a. at høve til å godkjenne nye friskolar vart mellombels oppheva. Det er vidare fastsett at godkjende skolar som ikkje var i drift 13. desember 2005, ikkje får drive verksemd etter friskolelova. Godkjende skolar som er i drift kan etter søknad få endra godkjenningsordninga si etter friskolelova. Endringane kan til dømes gjelde justering av årsteg, fleire elevplassar eller nye tilbod. I tillegg er det fastsatt at departementet i særlege høve kan gjere unnatak frå den midlartidige godkjenningsstoppen. (Gjeld spesielt gredaskolar)

Privatskolelova erstatta av Friskolelova med verknad frå 1. oktober 2003. Friskolelova skil seg frå den oppheva privatskolelova på fleire hald. Ei viktig prinsipiell endring var at kravet om eit bestemt formål, til dømes religiøst/etisk eller fagleg-pedagogisk alternativ, vart fjerna. Dei skolane som tilfredsstilla minstekrava i lova hadde også ein rett til godkjenning og statstilskot. Retten til godkjenning hadde ein føresetnad om at godkjenningsordninga ikkje medførte vesentlege negative konsekvensar for vertskommunen eller vertsfylket. Etter at friskolelova trådde i kraft, vart det godkjent ei rekke skolar som ikkje ville ha oppfyllt dei tidlegare krava til formål i privatskolelova. Friskolelova sitt rettighetspreg førte også til at omfanget av tilboden er avhengig av tal søknader som tilfredsstiller minstekrava for godkjenning, noko som medverka til å vanskeleggjere offentleg planlegging.

Ein viktig pilar i det norske samfunnet har vore at alle, går på den same skolen, lærer å arbeide saman og respektere kvarandre. Skolen er den viktigaste arenaen for å byggje fellesskap i Noreg, og fører til å redusere ulikskap og ruste elevane til møtet med et mangfaldig samfunn. Fellesskolen har rom for alle og blikk for den einskilde, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, evner og verdigrunnlag. Samfunnet sitt ansvar er å sjå til at alle får likeverdige mogelegheiter, slik at retten til utdanning vert reell. Utdanning skal difor vere eit offentleg ansvar, under demokratisk kontroll og tilgjengelig for alle. Skolar i privat eige har, i motsetnad til i mange andre land, utgjort ein svært avgrensa del av det samla skoletilbodet.

### **Frittståande skolar i Noreg:**

Pr 1 april 2006 var det 163 frittståande grunnskolar og 98 frittståande vidaregåande skolar i drift (ikkje medrekna skolar som er godkjent etter kap 6A) som mottar tilskot etter friskolelova. I Hordaland har

vi åtte frittsåande vidaregåande skolar. I Hordaland har vi motteke til uttale frå Utdanningsdirektoratet søknad frå to friskolar om endring i drifta frå hausten 2007. Uttalane er lagt fram for politisk hansaming parallelt med denne saka.

Tabellen syner inndelinga av dei frittståande vidaregåande skolane:

| Tal | Type                          |
|-----|-------------------------------|
| 30  | Religiøs                      |
| 19  | Fagleg-pedagogiske alternativ |
| 5   | Norske skolar i utlandet      |
| 43  | Offentleg læreplan (R94)      |
| 1   | Internasjonal skole           |

Hausten 2005 gjekk 9616 elevar i frittståande vidaregåande skolar det utgjer om lag 5,4% av alle elevar i vidaregåande skole i Noreg.

I tillegg er det 51 frittståande vidaregåande skolar i Noreg som gjev yrkesretta opplæring, som ikkje vert gjeve ved offentlege vidaregåande skolar, dvs godkjenning etter kap. 6A.

Tabellen syner tal og type skole

| Tal | Type                           |
|-----|--------------------------------|
| 24  | Bibelskolar                    |
| 12  | Kunstskolar                    |
| 5   | Utdanning innan musikk og dans |
| 10  | Andre typar skolar             |

### Lovtittel

Friskolelova sin fulle tittel og korttittel er: Lov om frittståande skolar (friskolelova). Det går fram i friskoelova § 1–2 andre ledd at ”Frittståande skolar er skolar som er i privat eige, og som blir godkjende etter denne lova.” Då forslaget om omgrepss endring vart sendt på høyring i samband med forslaget til ny friskolelov, var det bare eit fåtal høyringsinstansar som uttala seg om tittel på lova og omgrepssbruken.

Tidlegare lovtitlar som har vore brukt på dette området er:

- *lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskudd til private grunnskolar og private skolar som gir vidaregåande opplæring (privatskolelova)*
- *lov 6. mars 1970 nr. 4 om tilskudd til private skolar (uten offisiell korttittel)*

Skolar som var godkjent etter desse lovane vart kalla private skolar.

Omgrepet ”frittståande skole” gjev ikkje ållmennheita informasjon om at desse skolane er i privat eige, noko som kan vere uheldig. Etter departementet sin vurdering er også nemninga frittståande skole eit verdiladd omgrep, som kan gi ein uheldig og utilsikta assosiasjon om at dei frittståande skolane er frie og at de offentlege skolane såleis er ufrie.

Departementet foreslår at den offisielle tittelen på lova og den offisielle korttittelen vert endra til ”*lov om private skolar med rett til statstilskot*” (privatskolelova). Skolane vil då verte kalla private skolar. Med orda ”med rett til statstilskot” vert det tydeleg at tilskotet er statleg og at det er lovheimla. Som følgje av dette forslaget er det også foreslått endringar i §§ 1–1, 1–2, 2–1 til 2–3, 3–1, 3–7, 3–8, 6–1 og 6–3. Fylkesrådmannen sluttar seg til forlaget om ny lovittel og endringane i §§ over.

## **Lova sitt virkeområde**

Lova sitt virkeområde er regulert i friskolelova § 1–2 kor det m.a. går fram at lova gjeld godkjenning med rett til offentleg tilskot for frittståande grunnskolar og frittståande skolar som gjev vidaregåande opplæring. Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av folkehøgskolelova, vaksenopplæringslova eller skolar som er godkjent etter opplæringslova § 2–12, herunder skolar som politiske grupper eller parti driv på partipolitisk grunnlag. Det går fram av forarbeidet til heimelen at lova heller ikkje gjeld skolar som vert godkjent etter fagskolelova jf. merknaden til heimelen i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova.

Det har frå enkelte hald vore stilt spørsmål ved departementet sin lovforståing når det gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. Departementet foreslår difor ei presisering i privatskolelova § 1–2 om at lova ikkje gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. Presiseringa når det gjeld fjernundervisning vil etter forslaget også omfatte desentralisert undervisning, nettbasert undervisning og undervisning som per brev.

Fylkesrådmannen støttar forslaget om ei slik presisering.

## **Godkjenning med rett til tilskot**

Dette punktet gjeld alle skolar med unnatak av vidaregåande skolar som gjev yrkesretta opplæring som ikkje vert gjeve ved vidaregåande offentlege skolar.

I den tidlegare privatskolelova, som vart erstatta av friskolelova, vart det stilt krav om at ein skole måtte ha et bestemt formål, til dømes religiøst, faglig-pedagogisk alternativ, norsk skole i utlandet eller kvantitativt behov. Då kravet til formål vart fjerna med friskolelova ført det til ein ukontrollert vekst i talet på nye skolar. For å få til den ønska innstramminga i friskolepolitikken, jf. punkt 2.1, foreslår departementet at det i privatskolelova § 2–1 vert innført eit tilleggskrav til grunnskolar og vidaregåande skolar for å få godkjenning med rett til tilskot etter lova.

Dei private skolane sitt formål etter lova er primært å drive skole, dvs. at dei på vegne av det offentlege skal syte for at elevane får oppfylt sin rett og plikt til grunnskoleopplæring og rett til vidaregående opplæring. Skolane sitt formål er såleis ikkje primært å gje opplæring til ei bestemt tru eller gje kunnskap om ein bestemt undervisningsfilosofi, men skolen sitt særskilte grunnlag kan gjere det ønskjeleg for det offentlege å vurdere å yte tilskot til skolen. Departementet vil også presisere at skolane heller ikkje skal gje behandling. Departementet foreslår difor at dei tidligare brukte omgrepene "grunnar" og "formål" i den tidligare privatskolelova vert erstatta av omgrepene grunnlag, dvs. at skolane i tillegg til å gje elevane jamngod opplæring, jf. § 2–3, må dokumentere at dei skal ha og har eit særskilt grunnlag.

Fylkesrådmannen støttar forslaget om at private skolar berre kan godkjennast dersom dei driv på eit særskilt grunnlag.

## **Nedanfor følgjer vurderingar og forslag om kva for grunnlag skolane bør ha for å kunne verte godkjent.**

### **Skolar som vert etablert og drive på religiøst grunnlag**

I den offentlege grunnskolen er kristendoms-, religions- og livssynskunnskap eit ordinært skolefag, og undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande. Vidare er det fastsett at "Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna". Dette følgjer av opplæringslova § 2–4.

I Religion og etikk, fellesfag i studieførebuande utdanningsprogram, går det fram at dette både er eit kunnskapsfag og eit haldningsskapande fag. Heller ikkje dette faget skal vere forkynnande.

Regjeringa vil at foreldre og elever framleis skal kunne velje skolar som er etablert på eit religiøst grunnlag, jf. regjeringserklæringa som det er gjort greie for i punkt 2.1. Dersom dette skal vere eit reelt val for alle dei som ønskjer det, må staten yte tilskot til denne typen skolar. Departementet foreslår difor at privatskolelova skal opne for grunnskolar og vidaregåande skolar som er etablert og drive på eit reelt religiøst grunnlag. Kravet om eit reelt religiøst grunnlag inneber at den enkelte skole må synleggjere verdigrunnlaget i bl.a. stiftsesdokument og i dei læreplanane som skolen skal følgje på det enkelte årssteg/vidaregåande steg.

### **Skolar som vert etablert og drive på grunnlag av ein godkjent pedagogisk retning**

Regjeringa ønskjer at foreldre og elevar framleis skal kunne velje skolar som utgjer eit fagleg-pedagogisk alternativ (slik omgrepet vart nytta i den tidligare privatskolelova), jf. regjeringserklæringa. Dersom denne mogligheten skal vere reell, må denne typen skolar kunne godkjennast med rett til statstilskot også i framtida. I og med at bl.a. montessoripedagogikken truleg kan gjennomførast innanfor Kunnskapsløftet, vil det etter departementet si vurdering vere unaturleg å rekne desse skolane som ”alternative” skolar. Etter departementet si vurdering bør difor det tidlegare brukte omgrepet ”fagleg-pedagogisk alternativ” verte erstatta med omgrepet ”godkjent pedagogisk retning”. I dette omgrepet ligg det m.a. at pedagogikken ikkje nødvendigvis er annleis enn den som vert tilbydd i den offentlege skolen, men at den må representere ein samanhengande idé og et verdigrunnlag som normalt ikkje vert realisert i den offentlege skolen fordi det krevst særskilt tilrettelegging av kompetansemåla i Kunnskapsløftet og/eller fordi dei har ein samanhengande idé som ”binder” opplæringa metodisk.

Med ”pedagogisk retning” forstår ein at skolen skal følgje eit heilheitleg pedagogisk opplegg; ei organisering, ein metode og tilhørande læreplanar. I omgrepet ”godkjent” ligg det at pedagogikken er utprøvd, utførleg omtala i litteraturen, velrenomert og relativt utbreidd. Departementet meiner at skolar som skal drive si verksmed etter privatskolelova på grunnlag av ein godkjent pedagogisk retning må ha eit undervisningspersonale, som i tillegg til godkjent lærerutdanning eller godkjente alternative kompetansekrav, jf. § 4–2, har ein tilstrekkeleg spesialkompetanse til å gjennomføre den ”godkjente” pedagogiske retninga, for eksempel Steinerhøyskole eller vidareutdanning innan montessoripedagogikk.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Norske skolar i utlandet**

Departementet meiner primært at norske statsborgarar som vel å flytte utanlands må nytte dei velferdsordningane som er i det landet de flytter til. Departementet meiner likevel at det kan vere rimeleg at barn i opplæringspliktig alder som oppholder seg i utlandet i nokre høve får eit norsk grunnskoletilbod.

Departementet meiner at desse omsyna ikkje gjør seg gjeldande i same grad når det gjeld vidaregåande opplæring. Det dreier seg om ungdom i alderen 16 til 19 år som det må kunne ventast at i langt større grad kan nyttiggjere seg nasjonale eller internasjonale tilbod i det landet dei bur i. Dersom desse elevane ønskjer å fullføre den vidaregåande opplæringa i Noreg, kan dei få godskrive den opplæringa dei har fullført og greidd i utlandet, jf. forskrift til opplæringslova § 1–12 første ledd.

Departementet foreslår at privatskolelova skal opne for godkjenning av norske grunnskolar i utlandet. Etter forslaget er Svalbard ”utlandet”. Departementet foreslår at privatskolelova ikkje skal opne for godkjenning av nye norske vidaregåande skolar i utlandet.

Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

## **Skolar som vart etablert på grunn av kvantitativt trøng**

Den tidligare privatskolelova opna for godkjenning av skolar som skulle ”fylla eit kvantitatittivt undervisningsbehov”. Omgrepet ”behov” skulle knytast til manglande undervisningskapasitet i dei offentlege skolane, anten ved at utdanningstilbodet mangla, eller ved at utdanningstilbodet ikkje fullt ut dekka etterspurnaden etter utdanning. Det var bare vidaregåande skolar som kunne godkjennast ut frå eit kvantitatittivt behov etter den tidligare privatskolelova, og det vart stilt krav om at skolane skulle følgje offentleg godkjente læreplanar. I vurderinga av om ein skole skulle få godkjenning vart det som regel lagt stor vekt på verftsfolkets sin uttale om behovet. Ved søknader om godkjenning av yrkesfaglege studierettingar med avsluttande opplæring i bedrift, vart det også lagt vekt på om det ville vere mogeleg å skaffe lærelass.

Departementet foreslår ikkje at privatskolelova skal opne for godkjenning av skolar grunngitt i at det er eit generelt kvantitatittivt behov. Ungdom har rett til offentleg vidaregåande opplæring.

Ungdomsretten omfattar rett til inntak til eit av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet, jf. opplæringslova § 3–1. Det er også innført ein rett for vaksne som er fødd før 1. januar 1978 og som ikkje tidligare har fullført vidaregåande opplæring, til offentleg vidaregåande opplæring. I tillegg skal fylkeskommunen gje tilbod til ungdom og vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13–3 andre ledd. Departementet meiner difor at det som hovudregel ikkje ligg føre trøng for private vidaregåande skolar som driv opplæring etter læreplanar som er identiske med den dei offentlege skolane følgjer.

Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

## **Skolar som er etablert og vert drive på eit internasjonalt grunnlag**

For å gjere rekrutteringa av naudsynt utanlandsk arbeidskraft enklare for m.a. norsk næringsliv og universitet og høgskolar, foreslår departementet at privatskolelova skal opne for tilskot til internasjonale grunnskolar og vidaregåande skolar i Noreg. Desse skolane vil også kunne vere eit aktuelt tilbod for norske elevar som har gått på tilsvarande skolar i utlandet og vere til stor nytte for elevar med planar om vidare studiar i utlandet. Internasjonale skolar skal ha eit anna undervisningsspråk enn norsk eller samisk.

Departementet foreslår at det vert innført eit krav om at dei internasjonale skolane skal drive si verksemd etter internasjonale læreplanar, t.d.. læreplanane til International Baccalaureate Organization (IBO), samt at skolane er sertifisert av den organisasjonen som har utarbeida planane, ev. at skolane har en tidsplan for slik sertifisering. Det er rimeleg at dei frittstående internasjonale skolane som per i dag ikkje følgjer ein internasjonal læreplan og/eller ikkje har nemnte sertifisering, får ein rimeleg tidsfrist til å tilpasse seg dei nye krava. Departementet foreslår ein frist på 3 år frå lova trer i kraft.

Fleire fylkeskommunar mellom anna Hordaland, tilbyr vidaregåande opplæring i samsvar til læreplanar utarbeida av IBO. Slik departementet ser det er ikkje opplæringslova i seg sjølv til hinder for at fylkeskommunane tilbyr IB, men IB ein ikkje formelt ein del av den offentlege tilbodsstrukturen, jf. forskrift til opplæringslova § 1–3. Departementet meiner at det er positivt at også fylkeskommunane har eit internasjonalt tilbod på vidaregåande skole sitt nivå, og vil difor vurdere korleis dette tilboden kan forskriftsfestast på ein god måte. Departementet ber likevel om fylkeskommunen sitt syn på forslaget om at det vert opna for tilskot til internasjonale vidaregåande skolar etter privatskolelova.

Fylkesrådmannen er positiv til dette forslaget så framtidet ikkje går på ”bekosting” av det offentlege tilboden som finnast på dette området. Og skolane fyller dei andre krava som privatskolelova stiller. Fylkesrådmannen meiner at dei fylkeskommunane som driv IB skolar må då kunne få statstilskott til dette på linje med privatskolane.

## **Skolar for funksjonshemma**

Dei særskilte frittståande grunnskolane og vidaregåande skolane for funksjonshemma mottek eit særskilt tilskot etter friskolelova, jf. friskolelova § 6–6. Dette tilskotet er langt høgare enn det dei andre friskolane med parallellear i den offentlige skolen mottek. Det er ei rekje forhold rundt desse skolane som bør vurderast nærmare, bl.a. forholdet mellom denne typen private ”spesialskolar” og den offentlege skolen, tilskotsordninga, ivaretaking av den enkelte elev sin trøng, forholdet mellom behandling og opplæring, bruken av omgrepene ”funksjonshemma” mm. Departementet har motteke merknadar frå Riksrevisjonen om tilskotsforvaltninga på dette området, og det ligg føre ein rapport frå ECON som også reiser ei rekje problemstillingar om tilskotsforvaltninga. Departementet ønskjer derfor å ta ei særskilt vurdering av desse skolane og leggje frem ei eiga sak om desse skolane for Stortinget våren 2008.

Departementet foreslår derfor at det ikkje vert gjort endringar på dette området før Stortinget har handsama denne saka. Vidare foreslår dei at det ikkje kan godkjennast nye særskilte skolar for funksjonshemma.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

## **Skolar som legg særskilt til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett**

Departementet foreslår at privatskolelova skal opne for godkjenning av skolar som ønskjer å tilby utdanningsprogram som legger særskilt til rette for toppidrett på vidaregåande skole sitt nivå. Med toppidrettstilbod meiner departementet i denne samanheng Utdanningsprogram idrettsfag kor det valfrie programfaget toppidrett 1, 2 og 3 er obligatorisk for elevane, alternativt Utdanningsprogram allmenne, økonomiske og administrative fag m/tillegg av minimum 5 vektimar (á 45 min.) toppidrett etter eigen plan. I tillegg må skolen kunne dokumentere at den legg særskilt til rette for toppidrettssatsing, m.a. når det gjeld organisering av skolekveldagen, skole- og treningsanlegg og spisskompetanse innanfor dei/den idretten skolen tilbyr. Dette betyr at mellom anna dei valfrie programfaga breidddeidrett, friuftsliv og leiarutvikling i Utdanningsprogram idrettsfag vil falle utanfor toppidrettsdefinisjonen ovanfor.

Hordaland fylkeskommune har i dag tilbod om toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen Vest Noreg. Tilboden innan sommaridrettar er organisert under Utdanningsprogram allmenne, økonomiske og administrative fag med tillegg av toppidrett etter eigen plan. Tilboden innan vinteridrettar er organisert under Utdanningsprogram for idrettsfag. Hordaland har eit offentleg tilbod som vil vere direkte i konkurranse med eit eventuelt privatskoletilbod.

Fylkesrådmannen støttar forslaget men meiner det er avgjerande at det ved tilsegn om nye private tilbod vert lagt vekt på at det ikkje skal konkurrere med eksisterande tilbod i fylket. Vidare er det ein føresetnad at slike private tilbod får tilskot etter normalsatsane for utdanningsprogrammet og ikkje etter høgare sats slik det er i dag. Eller at dei fylkeskommunale tilboda også må få høgare tilskot.

## **Om dei eksisterande frittståande skolane**

Departementet foreslår at det vert lovfesta at alle skolar som var i drift etter friskolelova frem til lovendringa som hovudregel får halde fram med si verksemd med rett til tilskot etter privatskolelova.

Dei føreslårte krava til typar av skolar, religiøst grunnlag eller godkjent pedagogisk retning, vil berre gjelde nye skolar. Dersom ein ikkje lovfestar ein slik særskilt ordning for desse skolane som ikkje vil oppfylle de nye krava til type skole, er det ikkje usannsynlig at desse skolane må legge ned drifta. Etter departementet si vurdering vil det vere urimelig i høve til elevane ved desse skolane og i høve til skolane. Desse skolane må også kunne få godkjent nødvendige driftsendringar. Med nødvendige driftsendringar meinar ein endringar i læreplanen som følgje av endringar i den offentlege læreplanen

eller i strukturen for den offentlege 13-årige grunnopplæringa. Lova vil ikkje opne for godkjenning av driftsendringar i form av auka elevtal, nye trinn og nye utdanningsprogram for dei aktuelle skolane.

Departementet vil på bakgrunn av høyringa vurdere særskilt om også de vidaregåande tilboda i utlandet skal kunne drive vidare med rett til tilskot etter privatskolelova eller om desse tilboda skal få ein rimeleg overgangsordning med omsyn til avvikling etter privatskolelova.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Godkjenningsordninga om departementet si vurdering av søknader om godkjenning**

Departementet foreslår at det etter privatskolelova § 2–1 ikkje skal vere ein rett til godkjenning og tilskot etter lova, men at departementet får ein skjønnsmessig rett til å godkjenne nye skolar og driftsendringar. Dette var også ordninga etter den tidlegare privatskolelova, dvs. før 1. oktober 2003. Departementet foreslår at den skjønnsmessige vurderinga m.a. bør byggje på konsekvensar ei godkjenning vil få for den offentlege skolestrukturen, skolefaglege omsyn, trangen for skolen og budsjettmessige omsyn.

Departementet foreslår at lova framleis skal ha ei ordning med individuelle forvaltningsvedtak etter søknad. Ordninga med individuelle vedtak kan byggje på ei skjønnsmessig prøving av den aktuelle sak (fritt skjønn) eller vere avgrensa til å kontrollere at lova sine kriteriar er oppfylt i denne sak (lovbundne avgjersler). Privatskolelova var eit døme på den første ordninga, medan avgjerslene etter friskolelova frem til lovendringa per 9. juni 2006 i hovudsak var lovbundne.

Ein skjønnsmessig rett til å godkjenne nye skolar og driftsendringar vil gje departementet rett til å stille vilkår for godkjenninga i den enkelte sak.

Departementet foreslår at vertskommunen og vertsfylke framleis skal verte høyrt før det vert treft vedtak om godkjenning av ein skole.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Tidsfrist for oppstart og nedlegging av skoleverksemd**

Etter gjeldande forvaltningspraksis vert det fastsett at godkjenninga etter friskolelova opphøyrar dersom skoleverksemda ikkje startar opp innan tre skoleår frå godkjenninga vart gitt, samt at godkjenninga opphøyrar dersom skoleverksemda startar opp og deretter vert lagt ned.

Etter departementet si vurdering vil ein lovfesting av gjeldande praksis føre til at ein lettare kan sjå på førehand i for både kommunane, fylkeskommunane og sokjarane og lik handsaming av skolane, fordi lovheimelen også bør gjelde for eldre, ”sovande” godkjenningar. Departementet foreslår difor at det vert lovfesta i privatskolelova § 2–1 at godkjenninga med rett til tilskot fell bort dersom ein skole ikkje er starta opp innan tre år. Det same skal gjelde der skolen startar opp og deretter legg ned.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Flytting av skoleverksemd og eigarskifte**

Etter gjeldande forvaltningspraksis vert det i godkenningsbreva stilt som vilkår til skolane at det skal sendast ny søknad dersom ein grunnskole ønskjer å flytte verksemda til ein annan kommune eller ein vidaregåande skole ønskjer å flytte verksemda til eit anna fylke. Etter departementet si vurdering er det like relevant for kommunar og fylkeskommunar å kunne uttale seg når ein alt godkjent skole ønskjer å etablere seg i kommunen eller fylket, som det er for dei å uttale seg under den opphavelege søknadsprosessen om ein ny etablering.

For å understreke vekta av og for å visa kravet om at det før ei flytting må søkjast om godkjenning, foreslår departementet at dette vert presisert i privatskolelova § 2–1.

Det vert vurdert om melding av eigarskifte skal lovfestast. Etter gjeldande forvaltningspraksis vert det i godkjenningsbreva til skolane stilt som vilkår at det skal sendast ny søknad dersom skolen ønsker å overdra skolen til ny eigar.

Fylkesrådmannen støttar forslaga og flytting av skoleverksemd og eigarskifte.

### **Krav til undervisningsspråk**

Departementet foreslår at kravet om norsk eller samisk som undervisningsspråk i grunnskolar videreførast. Departementet foreslår at dette kravet også vert gjort gjeldande for vidaregåande skolar, jf. forslag til §§ 2–1 og 6A–2. Unnataket er internasjonale skolar i Noreg.

Fylkesrådmannen støttar forslaget

### **Krav til at skolen sine dokument er tilgjengelege**

Skolar som mottek tilskot etter privatskolelova skal vere opne for alle, jf. § 3–1, og i tilknyting til omtalen av internasjonale skolar i punkt 4.1.4 i Ot. prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova, er det uttalt at skolane til dømes ikkje kan stille krav om eit visst kunnskapsnivå i engelsk. Fleire internasjonale skolar har inntaksreglement, ordensreglement, læreplanar, rekneskap mm. som berre ligg føre på engelsk, sjølv om skolen er norsk. Vidare er det fleire norske skolar i utlandet som oversender dokumentasjon til staten på for til dømes spansk utan norsk oversetting. Sidan skolane faktisk skal vere tilgjengeleg for alle elevar og foreldre og omsynet til effektiv sakshandsaming og mogelegheita for tilsyn, foreslår departementet at det vert lovfesta i § 2–1 at alle dokument som er viktig for skoleverksemda også skal vere tilgjengeleg på norsk eller samisk.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Vurderingar og forslag - forsøk**

I privatskolelova var retten til å godkjenne tidsavgrensa forsøk regulert i privatskolelova § 4 andre ledd. Då friskolelova trådde i kraft 1. oktober 2003 inneheldt den ingen heimel om forsøk; heimelen vart først tatt inn frå 1. desember 2004. Forsøksvedtaket i § 1–5 ble sett ut av kraft frå 9. juni 2006, sjå punkt 8.1.

Føremålet med forsøksheimelen var, på same måte som etter opplæringslova § 1–4, å vinne erfaringar med ordningar som avvik frå lova med tanke på mogelege regelendringar. For at ein søknad om eit forsøk skulle kunne verte innvilga, måtte det dreie seg om reelle forsøk: Føremålet måtte vere å finne ut om ein kunne finne frem til ein betre ordning, og at erfaringa såleis kunne gje grunnlag for å vurdere endringar i regelverket.

Departementet meiner at det på dette området ikkje er grunn til å handsame offentlege og private skoleeigarar ulikt. Forsøk kan vere eit verkemiddel for å få til ein god utvikling også i dei private skolane. Departementet foreslår difor at forsøksheimelen slik den var frem til 9. juni 2006 vert gjeninnført.

Av omsyn til lova sin systematikk, foreslår departementet at heimelen om forsøk vert flytta frå § 1–5 til § 2–5.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

## **Om vidaregåande skolar som gjev yrkesretta opplæring som ikkje vert gitt ved offentlege vidaregåande skolar.**

Retten til å godkjenne nye vidaregåande skolar som har til formål å gje yrkesretta opplæring, som ikkje vert gitt ved offentlege vidaregåande skolar vart midlartidig oppheva med verknad frå 9. juni 2006, og det er berre godkjente kap. 6A-skolar som var i drift 13. desember 2005 som har rett til tilskot og til å drive verksemd etter lova. Departementet kan i ”særlege høve” gjere unntak frå disse heimlane.

Opplæringa ved kap. 6A-skolane fører ikkje fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse i opplæringslova si forstand, jf. oppl.lova § 3–3. Kap. 6A-skolane er særprega, og det er store forskjellar mellom skolane. Medan enkelte av skolane tilbyr yrkesretta opplæring på vidaregåande skole sitt nivå, er det også ein del kap. 6A-skolar som reelt ligg over vidaregåande skole sitt nivå, det vil seie på fagskolenivå. NOKUT har behandla og gitt fagskolegodkjenning til fleire utdanningar ved kap. 6A-skolar. Nokre tidlegare kap. 6A-skolar har også fått godkjenning som private høgskolar.

I tråd med uttalar frå Stortingets kirke-, utdannings- og forskningskomité foreslår departementet ein opprydding i tilhøvet mellom friskolelova kap. 6A og fagskolelova. Målet er at både endra privatskolelov og fagskolelova vert gode rammer i utdanningspolitikken, og at utdanningssystemet blir så forståeleg og oversiktleg som muleg.

Departementet foreslår å halde heimlane i friskolelova kap. 6A i endra privatskolelov i tre år rekna frå lova vert sett i verk. Deretter vil heimlane verte oppheva. I løpet av overgangsperioden vil det ikkje vere lov å godkjenne nye skolar etter kap. 6A, jf. § 6A–1 første ledd. Departementet foreslår at det i overgangsperioden ikkje kan gjørast unntak frå dette, og foreslår difor at § 6A–1 første ledd tredje punktum ikkje vert vidareført. Departementet har som utgangspunkt at dei skolane som i dag er godkjent etter kap. 6A i løpet av denne treårige overgangsperioden innrettar seg etter vilkåra i enten fagskolelova eller endra privatskolelov.

Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

## **Krav til skoledrifta**

Hovudregelen i § 1–4 om forbodet mot å drive anna verksemd enn aktivitet som er godkjent etter friskolelova, med tillegg av ev. internat og skolefritidsordning, vart innført for å sikre at offentlege tilskot og skolepengar vert nytta slik lova føresett.

Godkjent aktivitet er opplæring som konkret er godkjent etter § 2–3 og som vert gitt til elevar som er teke inn i samsvar med § 3–1 og som vert gjeve i godkjente undervisningslokale, jf. § 2–4. For øvrig kan ikkje det elevtalet skolen har fått godkjent overskridast.

Dispensasjonsheimelen i § 1–4 inneber at det klare skiljet mellom skoledrift etter friskolelova og annan verksemd ikkje kan oppretthaldast i same grad. Dersom skolane driv anna verksemd innanfor det same rettssubjektet, vil det vere vanskeleg for tilsynsmyndigheita å effektivt kunne kontrollere at offentlege tilskot og skolepengar kjem elevane til gode og at det ikkje skjer kryssubsidiering til verksemder som ikkje har rett på tilskot. Dessutan er det relativt ressurskrevjande for forvaltninga å handsame søknader etter § 1–4 andre ledd. Forvaltninga må både vurdere om verksemda er ”nært knytt til skoleverksemda” og om den ”utgjer ein mindre del av den totale verksemda”.

Departementet foreslår at § 1–4 andre ledd ikkje vert vidareført. Departementet foreslår at § 1–4 første ledd vert vidareført uendra i § 2–2. Dette inneber at skoledrifta etter privatskolelova skal organiserast som eit eige rettssubjekt. Skolen skal etter forslaget framleis kunne drive internat og skolefritidsordning som er knytt til skolen, men kravet om skilje mellom drift etter privatskolelova og internat og skolefritidsordning vert oppretthalde, bl.a. kravet om separat rekneskapsførsel.

Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

### **Vurderingar og forslag; registreringsplikta**

Krav om registrering av verksemda gjer at ansvarsforholda for skoledrifta er klare. Godkjenningmyndigkeit, tilskottsforvaltar og tilsynsmyndigkeit vil til ei kvar tid kunne finne ut kven som er ansvarleg som dagleg leiar og styreformann.

Departementet foreslår at det vert presisert i privatskolelova at det rettssubjekt som søker om godkjenning som privat skole etter lova, skal vere formelt registrert i Enhetsregisteret på søknadstidspunktet. Departementet foreslår vidare at innskotskapitalen skal vere minst 100 000 kroner, dvs. tilsvarende aksjelova sitt minimumsbeløp.

Departementet foreslår at det vert gjeve ein felles heimel om registreringsplikt for grunnskolar og vidaregåande skolar i § 2–2. Overgangsheimlane om plikten til registrering i §§ 2–1 femte ledd og 2–2 sjette ledd vert ikkje føreslått vidareført fordi det ikkje lenger er trond for desse.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Vurderingar og forslag minimumskrav til elevtal**

Av omsyn til å få eit visst læringsfellesskap og sosialt elevfellesskap, eit fagleg miljø for lærarane, økonomisk bærekraftig drift ved den enkelte skole og ei betre utnytting av statlege administrative ressursar, foreslår departementet at det vert lovfesta eit minimumskrav til elevtal i privatskolelova § 2–2. Etter forslaget skal det som hovudregel ikkje gjevast tilskot til private skolar som har mindre enn 20 elever tre år på rad, dvs. ved alle elevteljingar i løpet av disse åra. Forslaget vil derfor ikkje få konsekvensar for kap. 6A-skolane, jf. at dette kapittelet er føreslått oppheva etter tre år.

Det føreslårte kravet om minimum 20 elever gjeld skolen sitt samla tilbod. (Grunn- og vidaregåande opplæring).

Det kan vere trond for ein smal unntaksheimel, og det vert føreslått at departementet i helt spesielle tilfelle kan fatte eit tidsavgrensa vedtak om unntak frå hovudregelen om kravet til 20 elever.

Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

### **Krav til innhald og vurdering**

Sidan departementet ikkje har heimel til å forskriftsfeste konkrete krav til de læreplanane som vert godkjent etter friskolelova, vil godkjenninga av den enkelte skole sin læreplan byggje på ei tolking av kravet om ”jamngod opplæring”. Dette vert vanskeleg for skolane, gjev lite informasjon til allmennheita og det kan oppstå utilsikta ulikskapar. Departementet foreslår derfor at § 2–3 vert endra slik at departementet får heimel til å fastsetje nærmare krav til læreplanane i forskrift, dvs. at hovudtrekka frå gjeldande praksis blir kodifisert i forskrift. I denne forskriften kan det til dømes verte fastsett at alle private skolar skal gje opplæring i samsvar med den generelle delen av Læreplanverket for Kunnskapsløftet, krav til kompetanseomål, at de norske skolane i utlandet skal følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar i Noreg, og at dei internasjonale skolane skal følgje ein internasjonal læreplan. Departementet tar sikte på at gjeldande forvaltningspraksis når det gjeld godkjenning av læreplanar vidareført, jf. m.a. ”Retningslinjer som vert lagt til grunn ved vurdering av læreplanar for grunnskolar etter friskolelova § 2–3” som er utarbeida av Utdanningsdirektoratet i samband med innføringa av Kunnskapsløftet.

I høyringsbrev av 19. januar 2006 om forslag til forskrift til friskolelova skriv Utdanningsdirektoratet m.a. følgjande: ”På enkelte område manglar direktoratet heimel i friskolelova for å kunne regulere på tilsvarende måte som i forslaget til endringar i forskrift til opplæringslova.

Direktoratet manglar mellom anna heimel for å kunne gje elevar i grunnskolen fritak også frå opplæring i sidemål ettersom forskriftsheimelen berre dekkjer vurdering, jf. friskolelova § 2-3 siste ledd. Sjå elles § 1-10 i forslaget til endringar i forskrift til opplæringslova.

Direktoratet manglar også heimel for fritak frå opplæring i fag i vidaregående opplæring som foreslått i § 1-11 i forslaget til endringar i forskrift til opplæringslova.

Kunnskapsdepartementet vil sjå nærmare på dette i samband med det komande lovarbeidet, dvs. dei lovforлага som skal sendast på høyring hausten 2006”.

Slik departementet ser det har det aldri vore meiningsa at det skulle vere forskjellar mellom opplæringslova og friskolelova på dette området. Etter departementet si vurdering er det rimeleg at elever som får særskilt språkopplæring i offentlege grunnskolar og private grunnskolar med rett til statstilskot vert handsama lik når det gjeld fritak for kravet om opplæring i norsk sidemål. Når det gjeld vidaregåande skolar, vil departementet særleg peike på at dei skolane som har læreplanar som er godkjent etter friskolelova § 2-3 allereie har mynde til å gje standpunktsskarakterar og skrive ut vitnemål og kompetansebevis, jf. kapittel 4 i forskrift til friskolelova. Det er difor naturleg at departementet også kan gje forskrift om godskriving av tidlegare gjennomført vidaregåande opplæring eller praksis med heimel i privatskolelova.

Departementet foreslår difor at det vert gjeve tilsvarende forskriftsheimlar i friskolelova § 2-3. I tillegg foreslår departementet ein forskriftsheimel som gjør det mogeleg for dagleg leiar å gje fritak frå den praktiske delen av faget kroppsøving. Slik forskrift er gitt i forskrift til opplæringslova § 1-12 andre ledd.

Det har frå enkelte hold vore stilt spørsmål ved forvaltninga sin tilgjenge etter friskolelova til å fastsette eit maksimalt tal godkjente elevar på det enkelte tilbod. Departementet godkjener læreplanar for det enkelte trinn og utdanningsprogram, og etter departementet si vurdering er det naturleg at elevtalet på dei enkelte trinn og utdanningsprogram vert fastsett samstundes. Dette gjev særleg fylkeskommunane ei rimeleg grad av høve til å så framover med omsyn til dimensjonering av eige tilbod, herunder planlegginga av trøngen for læreplassar. Departementet foreslår derfor at det vert lovfesta i privatskolelova §§ 2-3 og 6A-2 at departementet i samband med godkjenninga av læreplanar skal fastsetje kva slags tilbod skolen kan gje og eit maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet. For øvrig er det ikkje fleire endringsforslag i § 2-3.

Fylkesrådmannen støttar dette forslaget. For Hordaland, som har eit relativt stort elevtal på private skolar, er det svært viktig med at elevtalet ved private skolar er nokolunde stabilt med omsyn til dimensjonering av skoletilbodet i fylket.

## Inntak av vaksne

Etter friskolelova § 3-1 kan vaksne med rett til vidaregående opplæring få tilbod ved ein frittståande vidaregåande skole. Det er ein føresetnad for inntak at heimefylket vurderer den einskilde sin realkompetanse. Som hovudregel kan ikkje vaksne søkjarar utan rett til vidaregående opplæring få inntak til ein frittståande vidaregåande skole. Det er eitt unntak: Dei frittståande vidaregåande skolane som ved endringa av friskolelova i 2004 hadde vaksne elever utan rett til vidaregående opplæring skal framleis ha høve til å ta inn slike søkjarar med same tal som de faktisk hadde skoleåret 2004/2005. Dette er regulert i forskrift til friskolelova § 11-1 med heimel i friskolelova § 3-1 femte ledd.

Departementet foreslår at frittståande vidaregåande skolar ikkje lenger skal ha høve til å ta inn vaksne utan rett til vidaregående opplæring. Det vil vere rimelig med overgangsordningar for de aktuelle skolane, slik at dei får tid til å innrette seg. Departementet foreslår at skolane får ei overgangsordning på eitt år frå lova trer i kraft. Det er difor foreslått at den aktuelle delen i forskriftsheimelen i § 3-5 femte ledd vert oppheva eitt år etter at lova trer i kraft.

Fylkesrådmannen støttar forslaget. Det er ingen grunn til at private og offentlege skolar skal ha ulike vilkår til å gje vaksne utan rett til vidaregåande opplæring eit tilbod. Dessutan er det ikkje riktig at fylkeskommunane skal få trekk i sine rammetilskot fordi dei private skolane gjev opplæring til ei gruppe som ikkje har rett.

### **Organisering av elevane i grupper**

I motsetnad til opplæringslova har friskolelova ingen regel som tilsvarer opplæringslova § 8–2 om organisering av elevane. Etter friskolelova § 3–4 skal likevel opplæringa ”tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven”. Opplæringslova har ein tilsvarande regel om tilpassa opplæring i § 1–2 femte ledd. Sjølv om det ikkje er uttrykkeleg uttalt i friskolelova, inneberer kravet om tilpassa opplæring at elevane må delast inn i grupper som har ein forsvarleg storleik.

Departementet foreslår at det også i privatskolelova § 3–4 vert presisert at gruppestorleiken må vere pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Som følgje av forslaget om å lovfeste krav om forsvarleg gruppestorleik, er det naturleg at det også vert lovfesta for dei private skolane at organiseringa skal ivareta elevane sin trøng for sosial tilhøyring og at organiseringa til vanlig ikkje skal skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyring. Som følgje av forslaget foreslår ein også ei endring i § 5–3 om elevråd, jf. også opplæringslova § 11–2 om elevråd ved grunnskolar.

Opplæringslova har i § 8–2 andre ledd ein heimel om at kvar elev skal vere knytt til ein kontaktlærar. Departementet vurderer å lovfeste ein tilsvarande heimel for private skolar.

Fylkesrådmannen er samd i at elevane i private skolar må organiserast i grupper. Private skolar må ha same regelverk som dei offentlege skolane med omsyn til kontaktlærar for elevane.

### **Offentleg tilskot og skolepengar**

Med godkjenning følgjer retten til statleg tilskott rekna etter friskolelova kapittel 6 og tilhøyrande forskrifter. Det er ulike tilskottsordningar for kvar type skole. Hovudregelen er at skolane får statstilskott med 85 prosent av eit tilskottsgrunnlag per elev. Til grunn for tilskottsgrunnlaget ligg snitt driftsutgifter per elev i den offentlege skolen.

Lova har eigne heimlar for statstilskott til skolar for funksjonshemma, til skolar som er godkjent etter kap. 6A, til kompletterande undervisning og til delvis dekking av skolepengar, samt til dekking av utgifter til skyss og innlosjering ved skolar i utlandet.

### **Om bruk av skolen sine midlar**

Det går fram i friskolelova §§ 6–2 første ledd og 6–4 første ledd at ”Alle offentlege driftstilskot og eigendalar frå elevane skal kome elevane til gode.” Det er presisert i heimlane at dette mellom anna inneber eit forbod mot utbetaling av utbytte eller andre former for overføringer til eigarane eller deira nærmaste.

Departementet ber om høyningsinstansane sitt syn på om lova bør sette ytterlegare restriksjonar på mogelegheita til uttak av midlar frå skolen. Ytterlegare restriksjonar er grunngjeve i kontrollomsyn og mogelegheita for å avgrense kommersiell drift.

Fylkesrådmannen meiner at ein lovheimel som gjev eit klårt og tydeleg forbod mot overføringer til eigar som er enkel å kontrollere vil vere ein føremon og sikre at dei offentlege tilskota kjem elevane til gode.

I Soria Moria-erklæringa har Regjeringa sagt at dei vil gjennomgå støtteordningane knytt til private skolar.

Eksisterande ordning med statstilskott til frittstående skolar med differensiert tilskottsgrunnlag er forholdsvis komplisert. Departementet har vurdert om det er bra å gjøre endringar i ordninga. Departementet meiner at tilskottsgrunnlaget framleis bør vere gjennomsnittlege driftsutgiftar per elev i den offentlege skolen. Vidare bør ei ordning med differensiert tilskottsgrunnlag likebehandla private skolar som er godkjent på same grunnlag. Departementet vil ikkje foreslå endringar i den ordninga vi har i dag med differensiert tilskottsgrunnlag.

Departementet foreslår ein del redaksjonelle endringar i kapittel 6 i lova. Endringa er i all hovudsak ei samanslåing og flytting av heimlar. Endringane er gjort med tanke på å gjøre lovteksten meir brukarvennleg og lettfatteleg.

### **Om tilskott til skoleskyss og innlosjering i utlandet**

Kapittel 7 i opplæringslova omhandlar skyss og innlosjering. Føremålet med reglene er å sikre elevane lik rett til opplæring uavhengig av foreldra sin økonomi og bustad. Retten til skyss for elever i frittståande skolar i Noreg er regulert i § 3–7 første ledd.

Norske borgarar som vel å busette seg i utlandet må som hovudregel nytte dei offentlege tenestene i det landet dei flytter til. Dersom det er ein norsk privat skole på staden og foreldra ønskjer at barna skal nytte dette tilbodet, meiner departementet at det er rimeleg at foreldra sjølv dekker evt. kostnader til skyss og innlosjering. Det går fram av friskolelova §§ 3–7 tredje ledd og 6–1 siste ledd at norske grunnskolar i utlandet får statstilskott med 85 prosent til skyss og innlosjering for elevane.

Departementet foreslår at tilskottsheimlane i friskolelova §§ 3–7 tredje ledd og 6–1 siste ledd ikkje vert vidareførte. Vidare foreslår departementet at det vert presisert i privatskolelova § 3–7 Skyss m.m. at denne heimelen ikkje gjeld for elevar ved norske skolar i utlandet.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Tilskot til skolepengar og kompletterande undervisning**

Departementet meinar at tilskott til delvis dekning av skolepengar naturleg høyrer heime i det regelverket som omtalar utdanningsstøtte, og det er ikkje føremålsteneleg at denne utdanningsstøtta vert regulert på anna måte enn anna utdanningsstøtte. Departementet foreslår derfor ikkje at forskriftsheimelen i friskolelova § 6–5 om delvis tilskott til skolepengar vert vidareført i privatskolelova.

Også tilskott til kompletterande undervisning er regulert i friskolelova § 6–5. Når det gjeld denne tilskotttsordninga foreslår departementet at det vert presisert i lova at tilskott ikkje kan gjevast til elevar ved private skolar med rett til statstilskott etter privatskolelova. Det vert vist til forslag til ny § 6–4.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Krav til rekneskapsføring, rapportering m.m.**

Dei fleste private skolane i Noreg vil vere pålagt å følgje rekneskapslova som følgje av at dei er rekneskapspliktige etter rekneskapslova. Det kan tenkast at enkelte skolar fell utanfor rekneskapslova sine heimlar og rekneskapsplikt. Privatskolelova bør difor fastslå at skolane skal følgje rekneskapslova.

Ved å ta inn i lova ein heimel om plikt til å følgje rekneskapslova, vil dei reglane for rekneskapsføring som er gitt i rekneskapslova og forskrifter til denne automatisk verte gjort gjeldande for skolane. Departementet slipp å gje detaljerte reglar om rekneskapsføring i forskrifter til lova. Bruk av

rekneskapslova sine prinsipp har også den fordelen at revisor er fortruleg med dei prinsippa som vert nytta.

Norske skolar i utlandet kan få ein del meir arbeid som følgje av krav om å følgje norsk rekneskapslov, då desse skolane også må utarbeide rekneskap i høve til lovgivinga i dei landa der skolane held til.

Det er ikkje gitt heimlar om bokføring og dokumentasjon av bokføring i rekneskapslova, men i ein egen bokføringslov. Denne lova gjeld i høve til § 2 "Enhver som har regnskapsplikt" etter rekneskapslova. Revisorlova har tilsvarende heimel om at krava til revisjon gjeld rekneskapspliktige etter regnskapslova

Departementet foreslår at det vert lovfesta i privatskolelova § 7–1 at skolane skal følgje regnskapslova, bokføringslova og revisorlova.

Fylkesrådmannen støtter dette forslaget.

Statistisk sentralbyrå (SSB) treng rekneskapsdata frå dei private skolane etter same prinsipp som gjeld for kommunane si rapportering til Kostra. Slik rapportering vil gjøre det mugeleg å utarbeide statistikk der det kan gjøраст samanlikningar av ressursbruken i private og offentlige skolar. Rapportering frå private skolar er vidare nødvendig for å få eit totalbilete av ressursbruken i norsk skole, som kan nyttast i internasjonale samanlikningar.

Departementet meiner at det bør vere ein forskriftsheimel i privatskolelova med omsyn til krav til rapportering frå dei private skolane som mottek statstilskott. Konsekvensane av å setje slike rapporteringskrav, må vurderast nærmare før det eventuelt blir fastsett forskriftsheimlar om rapportering. Eit eventuelt forslag til forskrift om rapportering av informasjon om ressurs bruk og tenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem vil verte sendt på alminnelig høyring på vanleg måte etter forvaltningslova. Det vil vere upraktisk for departementet å måtte endre lova dersom det skal fastsetjast rapporteringskrav for dei private skolane. Departementet foreslår derfor at departementet får ein forskriftsheimel i privatskolelova § 7–1 om rapportering av informasjon om ressurs bruk og tenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem.

Fylkesrådmannen støtter forslaget om rapportering frå dei private skolane er nødvendig for å få eit totalbilete av ressursbruken i norsk skole. Det er svært viktig at dei private skolane har dei same rapporteringskrava med omsyn til ressurs bruk og tenesteproduksjon som dei offentlege skolane.

## Tilsyn og sanksjonar

Departementet skal føre tilsyn med frittståande skolar, jf. § 7–1 første ledd. Friskolelova § 7–2 andre og tredje ledd regulerer kva for sanksjoner departementet kan nytte ved brot på friskolelova, forskrifter gitt med heimel i friskolelova eller skolen si godkjenning. Heimelen må sjåast i lys av friskolelova § 5–2 som tydeleg peikar ut styret som ansvarleg for at verksemda er drive i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Dersom styret ikkje drive verksemda i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, vil dette innebere eit brot på friskolelova § 5–2. Sanksjonsmulighetene etter § 7–2 andre og tredje ledd kan setjast iverk utan at skolen først får høve til å rette forholda. Elles vert det vist til forvaltningslova § 16 om førehandsvarsling.

For å tydeleggjere departementet sine sanksjonsmolegheiter etter privatskolelova, foreslår departementet at § 7–2 andre og tredje ledd vert flytta til ein ny § 7–2A.

Det vil vere i strid med den allmenne rettsoppfatninga om departementet som skolemyndigkeit ikkje reagerer dersom ein privat skole helt openbart driv i strid med for eksempel likestillingslova eller marknadsføringslova, om desse brota ikkje er helt bagatellmessige. Dette vil også vere eit brot på § 5–2. Det går ikkje eksplisitt fram av friskolelova § 7–2 at brot på anna relevant regelverk enn friskolelova kan føre til sanksjoner etter friskolelova. For at det ikkje skal råde tvil om dette, foreslår departementet at dette vert presisert i ny § 7–2A.

På bakgrunn av det ovannemnde foreslår vi at det vert presisert i privatskolelova at departementet har rett til å vedta sanksjoner etter privatskolelova også der skolen bryt andre lover og forskrifter og der dette brotet svekker departementet sin tillit til skolen. Også brot på konvensjonar som Noreg er bunden av, sjå punkt 3.1, vil også kunne føre til sanksjoner etter privatskolelova.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Andre forslag til endringar**

#### **Krav til undervisningsrom og skolemiljø**

Departementet foreslår at det vert presisert i § 2–4 første ledd at opplæring som er godkjent etter lova vanlegvis skal finne stad i undervisningslokale som er godkjent av departementet og at undervisningslokala må ligge innanfor et avgrensa geografisk område. Departementet foreslår ikkje at heimelen om godkjenning av utstyr vidareførast fordi vi meiner at dette omsynet er tilstrekkelig ivaretatt i andre ledd i heimelen.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

#### **Særskilt språkopplæring for elevar i utlandet**

Norske borgarar som vel å busetje seg i utlandet må som hovudregel nytte seg av offentlege tenester i det landet dei flytter til. Dersom det skal innførast nye rettigheitar for nordmenn i utlandet bør dette grunngjevast særskilt. Etter departementet si vurdering er det ingen synlege grunner til at retten til særskilt norsk opplæring også skal gjelde ved norske grunnskolar i utlandet. Elevar ved private skolar i utlandet som er godkjent etter privatskolelova har rett til spesialundervisning dersom dei ikkje har eller ikkje kan få ”tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet”, jf. privatskolelova § 3–6.

Departementet foreslår at det vert presiset i privatskolelova § 3–5 siste ledd at retten til særskilt norsk opplæring ikkje gjeld for elevar ved norske grunnskolar i utlandet.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

#### **Helsetilsyn**

Departementet foreslår at det vert presisert i privatskolelova § 3–8 om helsetilsyn at den berre gjeld for skolar som ligger i Noreg.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

#### **Bortvisning som følgje av manglende betaling av skolepengar mm.**

Det er slått fast i friskolelova §§ 3–10 tredje ledd og 6A–6 tredje ledd at manglende betaling av skolepengar kan føre til bortvisning. Departementet meiner at det er uheldig at eit privatrettsleg kontraktsbrot mellom skolen og foreldra/eleva etter lova kan sanksjonerast med bortvisning av eleven når omgrepet bortvisning elles er knytt direkte til eleven og deira åtferd. Dette er eit forhold som bør regulerast i kontrakten mellom skolen og foreldra/eleva.

Heimelen inneber også mange uklare punkt både for foreldra/elevane og for klageinstansen. Kva som konkret ligger i omgrepet ”manglende betaling”, kor lang forsinkinga må vere, kor mange purringar må skolen sende før det blir gjort vedtak om bortvisning og om foreldra/elevane har rett til å uttale seg

før bortvisningsvedtak vert teke, er døme på fleire av dei spørsmåla som reiser seg til desse heimlane. Det er også viktig å vere klar over at klageinstansen er eit forvaltningsrettsleg organ som ikkje har mynde til å behandle slike privatrettslege spørsmål det her er snakk om.

Departementet foreslår at retten til bortvisning etter friskolelova §§ 3–10 og 6A–6 berre skal vere knytt til eleven sin åtferd på skolen i skoletida og at heimelen om at manglande skolepengebetaling kan føre til bortvisning, vert oppheva.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Klageinstans ved vedtak om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring**

Etter friskolelova § 3–13 og opplæringslova § 2–11 første ledd er det gitt tilsvarende regler om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring. Departementet er klageinstans for vedtak om permisjon etter opplæringslova § 2–11, jf. § 15–2 første ledd. Det vert foreslått at departementet også skal vere klageinstans ved vedtak om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring etter privatskolelova § 3–13.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Tilsettjing av undervisningspersonale**

Friskolelova §§ 4–2 og 6A–4 omtalar kompetansekrav til undervisningspersonalet. Det er presisert i friskolelova §§ 4–2 tredje ledd siste punktum og 6A–4 tredje ledd at ”Ved tilsettjing gjeld arbeidsmiljølova §§ 13-3 og 13-4”. Diskrimineringslova trådde i kraft 1. januar 2006. Departementet foreslår at det vert presisert i privatskolelova at også diskrimineringslova §§ 4 og 7 gjeld ved tilsettjing etter lova.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

### **Styret sine oppgåver**

Nokon av styret sine oppgåver er særskilt fastsett i § 5–2 andre og tredje ledd. Det følgjer av fjerde ledd i heimelen at disse oppgåvene ikkje kan delegerast til andre. Tilsettjing av dagleg leiar er ikkje blant dei oppgåver som er nemnt i andre og tredje ledd. Det følgjar likevel av § 5–1 at styret har eit totalansvar for skolen, og at alle fullmaktar difor i utgangspunktet ligg til styret. Dersom eit anna organ enn styret tilsett dagleg leiar, må dette derfor vere etter delegasjon frå styret, og det må ligge føre eit delegasjonsvedtak frå styret.

Alle frittståande skolar skal ha ein dagleg leiar, jf. friskolelova § 4–1 andre ledd og 6A–7. Tilsetting av dagleg leiar er ei viktig avgjerd i ei verksemnd. Det er viktig for oppfølginga av skolane at det ligg før ei klar ansvarslinje mellom styret og dagleg leiar. Det forhold at muligheta til å delegere tilsettingsmyndigheit generelt også inneber mulighet for å delegere tilsetting av dagleg leiar, er ikkje nærmare drøfta i forarbeida til heimelen (Ot. prp. nr. 33 (2002–2003) om friskolelova).

Ein heimel om at styret skal tilsette dagleg leiar, kan kome i konflikt med enkelte frittståande skolar sin tradisjon om tilsetting av dagleg leiar. Departementet ber derfor om høringsinstansane sitt syn på forslaget om eit delegasjonsforbod når det gjelder tilsetting av dagleg leiar.

Friskolelova § 5–1 første ledd første og andre punktum omtalar krav til styret og samansetning, medan tredje punktum omtalar kven som har møte- og uttalerett på styremøta. For å gjøre tydeleg dette skiljet foreslår departementet at § 5–1 første ledd tredje punktum blir nytt andre ledd og at noverande andre og tredje ledd blir tredje og fjerde ledd.

Fylkesrådmannen støttar forslaget.

## **Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga av tyding for fylkeskommunen**

Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga vert vurdert i høve til friskolelova slik den var utforma frem til 9. juni 2006.

Forslaget om at private vidaregåande skolar ikkje lenger skal ha høve til å ta inn vaksne utan rett til vidaregåande opplæring inneber at fylkeskommunane ikkje lenger vil bli trekt i rammetilskotet for ei gruppe som ikkje er prioritert gjennom individuelle rettar i opplæringslova.

Fylkesrådmannen støttar dette.